

Odd Totland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8013 - 20/18849

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
14.04.2020

Løyve til skadefelling av gås på GBnr: 128/1 Leirvåg i Austrheim kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 403/20

VEDTAK:

Austrheim kommune gjev Odd Totland løyve til å ta ut totalt 10 grågås på beite og slåttemark. Avtale med grunneigar er eit krav for at skadefelling skal kunne gjennomførast. Det skal ikkje skytast meir enn 2 fuglar i døgnet. Det prioreras at ta ut ungfuglar eller ikkje hekkande individ då det er dei som gjer mest skade.

Det skal tas ut skadegjerande individ i det området der skaden er eller i umiddelbar nærheit av dette. Løyvet plikter at dei førebyggande tiltak til stansning eller avverging av skaden i rimeleg utstrekning heldt fram samstundes med skadefellinga.

Det vert oppfordra til at skadefellinga vert kombinert med at det vert lagt ut friområde der gåsa kan beite fritt, for å auka effekten av skadefellinga.

Løyvet gjeld fram til 25. april 2020.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg og innan 5 Mai 2020.

Vedtaket har heimel i Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark (viltforskriften) FOR-2020-04-01-565. Grunngjevieng går frem av saksutgreing.

Uttaket skal følge Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark (viltforskriften) FOR-2020-04-01-565.

Saka gjeld

Viser til din søknad om fellinga av grågås som gjer skade, mottatt 07.04.2020 og 13.04.2020.

Det er søkt om å ta ut grågås på gnr/bnr: 128/1.2.3.4.5.7.9 i Austrheim kommune for nødvendig å stanse eller avverge skade på avling. Skada utføres av flokker på 20-30 dyr.

VURDERING:

Dei seinare åra har vi sett ei auke i bestand av grågås i vårt område. I dag er jakttida på grågås sett til 10.08 – 23.12. Jakttida samsvarar ikkje med perioden skadepotensialet er størst og skadefelling er i nokre tilfelle nødvendig for å begrense skade på slåttemark og beite. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet, for å hindre ellers begrense avlingstap, og må ikkje true bestandens overlevelse.

Søknaden er handsama etter Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark (viltforskriften) FOR-2020-04-01-565.

I heile Nordhordland er problemer med gås et kjent problem. Gåsa startar beiting på slåttemarka tidleg vår og det kan medføra stor skade på enga. I tillegg til redusert avling er det eit stort problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg eller redusera kvalitet på foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gjess gjer på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden. Etter forskrifta er eit krav at skaden er eller kan bli av vesentlig økonomisk betydning samt uttaket er egnet til å stanse eller vesentlig begrense skadessituasjonen før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er drift på eigedommane som no søker skadefelling, og avlingstap og redusert forkvalitet utgjer eit vesentleg økonomisk tap for drifta.

Det er krav om at det skal vera brukt skadeforebyggende tiltak i rimelig utstrekning, vurdert ut frå hvilke verdier som skal beskyttes og kostnadene ved disse for å redusera skadeomfanget, før ein kan gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det har fungert, gåsa forsvinn ein kort periode, men kjem raskt attende.

Skadefelling er ikkje ei optimal løysing på det aukande problemet med gås i regionen, men i denne konkrete saka vert det vurdert som naudsynt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl §

29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Odd Totland